

# ÅRSPLAN 2023/2024



SIRLIHAUGEN BARNEHAGE

## INNHALDSLISTE

Innleiing	Side 2
Språk og kommunikasjon	side 3
Det sjølvstendige barnet	side 3
Autoritative vaksne- Sosial kompetanse	side 4
Folk og røvere i Kardemomme by	side 4
Felles aktiviteter	side 5
Årshjul	Side 6
Nasse Nøff	Side 7
Ole Brum	Side 11
Tigergutt	Side 14
Heffalompklubb	Side 17
En hage for barn	Side 18

## INNLEIING

Då er vi godt inne i eit nytt barnehage år, og håper alle har funne seg til rette på nye avdelingar, og som ny i barnehagen.

Lov om barnehagar og rammeplan for barnehagen styrer arbeidet vårt. Vi har også ein lokal rammeplan for Herøy kommune som vi styrer etter. Ut i frå desse har vi utarbeidd ein verksemdsplan som gjeld det overordna arbeidet i barnehagen, den vert revidert kvart 4.år

Kvart år lagar vi ein felles årsplan på huset, og denne er i lag med verksemdsplanen arbeidsreiskapen til dei vaksne samtidig som det er utgangspunkt for samarbeidet med foreldre. Planen er lagt opp slik at der er ein liten felles del fyrst, og så har kvar avdeling sin del med korleis dei vil jobbe dette året

Vi har eit stabilt personale som har mange års erfaring. Vi trivast godt i lag, og har eit godt arbeidsmiljø noko som eg trur er med på å heve kvaliteten.

Det er viktig for oss at barnehagen er ein god plass å være både for store og små. Alle skal føle seg sett og høyrte, og være ein del av eit fellesskap, og det skal følast trygt for både barn og foreldre.

No håper vi på eit kjekt og lærerikt år for alle saman der vi kan leve opp til visjonen vår:

**«Sirlihaugen barnehage, ein trygg god start»**

***Bodil Karin Kvalsund***

***-dagleg leiar-***



## SPRÅK OG KOMMUNIKASJON.

I Herøy kommune er det no fokus på språk både i barnehage og skule.

Personalet tek del i eit kompetanseløft (Rekomp) i regi av Herøy kommune og høgskulen i Volda. I fjor starta vi på eit prosjekt der ASK står i fokus. Å kommunisere på andre måtar enn gjennom talespråk kallast alternativ og supplerande kommunikasjon, forkorta til ASK.

Barnehagelova § 39 Barn med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)

*«Barn som helt eller delvis mangler funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få bruke egnede kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmidler i barnehagen».*

Statped seier om ASK på sine sider:

*«Personer med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon er barn, unge og voksne som må bruke andre former enn tale i direkte kommunikasjon med andre. Alle trenger språk for å utvikle seg. ASK er personens språk, og måte å uttrykke seg på. Det er helt nødvendig for denne personens utvikling at han eller hun får opplæring i, og har tilgang på dette språket. Bare på den måten kan de lære og utvikle seg. Dette gjelder uansett hvilket utviklingsnivå personen befinner seg på, uavhengig av måten personen kommuniserer på, og hvor lang tid personen trenger for å lære det. ASK er et også betegnelsen på et pedagogisk og tverrfaglig fagområde som rommer kunnskap om hva som skal til for at personer med behov for ASK kan kommunisere best mulig.»*

Vi vil ha fokus på dette på planleggingsdagar og personalmøte dette året. Målet er å få auka kompetansen til personalet på dette feltet, slik at alle kan bruke det ved behov. Samtidig har alle barn nytte av biletstøtte, så alle avdelingar vil bruke dagtavle som synleggjer kva som skjer gjennom dagen.



## DET SJØLVSTENDIGE BARNET


Vi vil fortsette å jobbe vidare med å gjere borna sjølvstendige.

Det å klare sjølv og å øve seg på det er ganske viktig i eit barns liv. Vi har vel alle høyrst strofa: «Ej klara sjøl» men i farta fell vi ofte for freistinga til å hjelpe barnet for mykje, det kan føre til at barna trur at dei ikkje kan få det til, og dei får ikkje kjenne på den gode kjensla av meistring. Når vi vaksne legg til rette for at barna får lov til å prøve å gjere noko sjølv, ved å rettleie og støtte undervegs kan det bidra til meistringskjensle og glede, noko som igjen gir auka sjølvtilit og et positivt sjølvbilde. Barn har ein indre motivasjon for å lære, og sjølv om alle er ulike så har dei behov for å gjere den same handlinga om igjen fleire gongar for å meistre den betre.

Rammeplanen seier: «Barnehagen skal bidra til at barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap» Vidare seier den at «Barn skal få støtte til å meistre motgang og handtere utfordringar»

## AUTORITATIVE VAKSNE – SOSIAL KOMPETANSE

Sirlihaugen barnehage vil vere prege av vaksne som er autoritative. Det vil seie at vi vil vere varme og tydelege vaksne som set grenser på ein positiv måte, og skaper eit godt miljø. Dette er eit viktig prinsipp i programmet «Være sammen» Dette programmet er ei hjelp i arbeidet med sosial kompetanse. Sosial kompetanse er noko som må lærast og det lærer vi i samspel med andre. Det står meir om det i verksemdsplanen vår. Dette er noko vi jobbar med kvar dag, og det viktigaste vi kan lære barna er å samhandle med andre. I år vil vi jobbe litt ekstra med det å flytte fokus frå meg til andre.



## Løveloven

«Kan du løveloven?»

Jeg skal være meg, men gi plass til andre slik at de blir seg

Bry meg om en annen, hjelpe når jeg kan.

Slik blir livet bedre for barn i alle land.

Ser du en som plages? Det er ikke bra!

Alle må stå sammen om å si i fra.

Alle barn på jorden har den samme rett

Til å være trygge og til å være sett»

## Folk og røvere i Kardemomme by

Til å hjelpe oss i arbeidet med sosial kompetanse har vi i år valt å ta føre oss historia om Kardemomme by. Det er ein del av kulturarven vår og er godt kjent blant dei aller fleste barna. Mange har nok sett kinofilmen som kom i fjor, og kjenner igjen dei fleste karakterane.

Historia handlar om den fredelege byen Kardemomme og dei som bur der. Vi vert kjend med ulike karakterar som dei tre røvarane, politimeister Bastian, Tante Sofie og mange andre. I historia står vennskap, lover, regler og samfunn sentralt. Det er humor og glede og mange gode songar å lære seg. Ein gong i månaden har vi fellessamling der Kardemomme by er tema 😊 Det å ha eit felles fokus på huset er med på å bidra til felles leikereferanser og inspirasjon inn i barna sin leik



## Felles aktivitetar


Sirlihaugen barnehage består av tre ulike avdelingar, Tigergutt som har dei eldste barna, Ole Brum der dei mellomste barna går og Nasse Nøff der dei aller minste går. Avdelingane må jobbe på ulike måtar fordi behova er forskjellige. Men vi har også eit sterkt ynskje om å jobbe for fellesskapet. Vi vil at barna skal kjenne seg trygge på tvers av avdelingane, og at dei skal få verte kjent med dei andre barna og vaksne «på huset». Vi vil vere med å skape felles opplevingar for alle, og har derfor organisert ulike områder der fellesskap og glede står i fokus:

- **Korøving:**


- Annankvar måndag og tirsdag møtest vi til korøving i amfitrappa vår på kjøkkenet. Klubbarane bakerst og Nasse Nøfferane dansar fremst. Mykje songglede og fellesskap på huset. Korøvingane startar 09.00 for dei som har er komen, og varer ca. 15 minutt. Veldig kjekt å høyre korsongen ljome gjennom barnehagen.

- **Fellessamling**

- Det er alltid kjekt å møtast til samling på tvers av huset, og tema på fellessamlingane i år vil vere Kardemomme by. Dei vaksne dramatiserer fortellinga med hjelp av barn innimellom. Enkelte gongar vil vi nytte video frå samlingar vi har hatt tidlegare.
- Vi vil også ha fellessamlingar i forbindelse med høgtidene.




# ÅRSHJUL





## Avdeling Nasse Nøff 0-3 år

Barnehagen sin visjon «Ein trygg god start» er på mange måtar beskrivande for denne avdelinga. Her møter dei alle fleste «Sirlilhaugborna» barnehagelivet for første gong, og mange førstegongsaktiviteter skjer her. Prosessane er viktige; startane, kjennskapen, utforskinga, kreativiteten og sjølvsgt tryggheta. Det alle viktigaste på småbarnsavdelinga er å dekke primærbehova til borna. Det å få mat og stell og søvn, og mykje omsorg og kjærleik. Tilvenning og tilknytning er viktig, både i starten av barnehageåret, men også resten av året. Det å vinne tilliten til borna, og å bygge gode relasjonar til dei må jobbast med kontinuerleg. Vi må møte borna der dei er, vere nær og til stades. Vi vaksne skal i hovudsak vere på golvet ilag med borna, for å sjå kvart enkelt born og oppmuntre, hjelpe og støtte. Vi skal vere tilgjengelege med eit fang til kvile, kos og trøyst.




Trygghetssirkelen illustrerer godt korleis vi vaksne vil skape ei trygg base og hamn for borna. Ei base som dei kan kome til for å «ladde»; få trøyst, hjelp til sjølvregulering og støtte til å utforske verda vidare.

I møte med borna, vil vi i personalet streve etter å vere **autoritative vaksne**. Ein vaksenstil som inneberer ein kombinasjon mellom det å vere varme, men også ha tydelege grenser i møte med borna. Dette gjer at borna igjen opplever oss som forutsigbare og trygge.

### Dagsrytma vår:

- (06 45) 07 00 Barnehagen opnar
- 07 30 – 08.30 Frukost
- 09 15 Ryddetid, samling, påkledning og uteleik
- 11 00 Bleieskift og handvask
- 11 15 Lunsj
- 11 45 Legging
- 14 00 Ettermiddagsmåltid
- Bleieskift
- Leik inne eller ute
- 17 00 Barnehagen stenger



**Song og musikk** appellerer godt til dei aller fleste born, og dette er noko vi set høgt på Nasse Nøff, både i spontane og planlagde songstunder og på kor. Borna gynger og dansar med, kjenner igjen songar, gjer bevegelsar med hendene og syng etter kvart med.

Mål:

- Bli kjent med å kjenne igjen enkle barnesongar.
- Oppleve glede og fellesskap i song og dans.
- Introdusere og bruke enkle rytmeinstrument i leik og samlingar.



**Eksperimentering med maling og ulike formingsaktiviteter, leik med vatn og enkle hinderløyper** er aktivitetar som vi har stor glede av på Nasse Nøff. Ikkje for å prestere noko, skape eit produkt eller vere så flink, men for å utforske og prøve og øve.

Mål:

- Borna skal få erfaring med ulike formingsmateriell. I hovudsak maling, men også lim og papir.
- Borna skal få erfaring med og ikkje minst glede av vannleik og såpebobler.
- Borna skal få utforske og oppleve meistring i ulike fysiske aktivitetar – som enkelt ulendt terreng, enkle hinderløyper og leikeapparata ute.



**Sosial kompetanse** er eit gjennomgåande tema også på Nasse Nøff. Her vil vi vere med å legge grunnlaget og gi borna ei gryande forståing av kva sosial kompetanse er. Vi vil oppmuntre borna til empati - å vere gode med kvarandre, trøyste, dele og hjelpe kvarandre. Vi vil også sette fokus på dei ulike kjenslene sint, lei seg, glad, overraska og redd. Vi vil rose og applaudere borna ved gode gjerningar og oppmuntre til godheit og hjelpsomheit i konfliktsituasjonar, samt vere gode rollemodellar sjølve. Vi skal også bruke deler av «Være Sammen». Vi skal verte kjent med Regnbueløva som vil at alle skal ha det bra, og som oppmuntrar oss til å dele og hjelpe. Vi skal nytte oss av bøkene som går på følelsar og ikkje minst bruke songane frå opplegget, spesielt «Løvelova» og «Når jeg er glad».

Mål:

- Vi skal verte kjent med Regnbueløva.
- Vi voksne skal vere gode rollemodellar for borna, i det å vise og snakke om det å vere gode med kvarandre.

**- Vil vi alltid være  
venner, Brømm?  
- Lenger enn det,  
Nasse!**



<https://www.facebook.com/hjerteklem/?fref=pf>

## Kardemommeby

I år blir tema for heile barnehagen Kardemommeby. Det vil sei at vi skal ha fellessamlingar(dramatisering) med dei andre avdelingane, men og jobbe med det på vår avdeling. På Nasse Nøff må vi gjere det enklast mogleg ved å bli kjende med nokre hovedfigurar og lære songar. Vi har gode erfaringar med å jobbe med Kardemommeby som tema, så vi gled oss.



### Mål:

-Bli kjent med tante Sofie og røverane. Lære songar fra Kardemommeby.

## ASK (Alternativ og supplerande kommunikasjon) og språk:

Med ASK kan en kommunisere på andre måtar enn talespråket. I Herøy kommune er dette et satsingsområde som alle skal jobbe med. Gjennom dette arbeidet får barn som ikkje har talespråk ei moglegheit til å kommunisere. På Nasse Nøff brukar vi aktivt tavler med symbol til t.d måltid, dagtavle, kva vi skal kle oss med for dagen og kjensler. I praksis vil det sei at barna lett kan kommunisere kva dei vil ete og drikke ved å aktivt bruke symbol som dei peiker på. Vi gir dei språkleg støtte når dei peikar. Kvar dag går vi gjennom dagen vår på ei dagtavle som alltid heng framme. Det er med på å gi barna ei forutsigbarheit i kva som skal skje den dagen. Når det gjeld kjensler har vi symbol for trist, redd, sint osv. Vi ynskjer at dette skal vere med på å gjere barna kjende med dei ulike kjenslene.

I kvardagen brukar vi også teikn som vi gjer med hendene, det er ; ferdig, vente og mat.

Ei god **språkutvikling** er viktig for barn både på kort og lang sikt. Språk er avgjerande for læring, kommunikasjon og sosiale relasjonar. Borna kommuniserer med lyder, blick og kroppsspråk, og det er viktig at vi kan bekrefte og sette ord på det dei erfarer. Vi vaksne skal inspirere og vere bevisste på vår rolle. Det blir viktig å sette ord på handlingane i rutinesituasjonane, bruke bilde og bøker til inspirasjon og samtaler, synge og bruke rim og regler. Vi skal også fortsette med lesestunder.

### Mål:

-Å kunne kjenne igjen enkle symbol og teikn, samt vere med på å påverke sin eigen kvardag gjennom å bruke det.

-Vi som vaksne skal legge til rette for eit godt språkmiljø for barna.



## Sjølvtendige barn:

Gjennom våre observasjonar har vi dei siste åra sett at barn kan mykje meir enn vi trur. Det kan vere heilt enkle ting som å drikke av glas i staden for tutekopp, kle på seg og klatre opp på stellebordet ved hjelp av ein krakk og ein vaksen. Vi ynskjer å fortsette dette arbeidet då vi ser meir robuste barn som føler på meistring.

Mål: La kvart barn få utfordringar tilpassa sitt nivå og føler meistring.

Med tema arbeid vil vi jobbe tverrfagleg og flette tema som ASK, Kardemomme by og sosial kompetanse saman. Dette vil vi gjere ved å bruke dramatisering, song og formingsaktivitetar.

Det å klare sjølv, og øve seg på det, er ganske essensielt i eit barn sitt liv. Den meistringsfølelsen som oppstår når ein kan klare seg sjølv, er ganske god. Dette året vil vi, ilag med resten av barnehagen, sette av tid til at borna kan få klare meir og meir sjølv! På Nasse Nøff betyr dette at mange øver på å drikke av vanleg kopp, å klatre opp på stolane sine og stellebordet sjølv! Vi øver på å sitte utan bøyel. Og så har vi stort fokus på det å kle på og av seg sjølv. Vi setter av meir tid i barnehagedagen til at borna skal få øve seg. Dette gjeld sjølvsagt dei største av borna 😊

Vi gler oss til eit nytt barnehageår ilag!





## Avdeling Ole Brum 2-4 år

På Ole Brum er det 20 barn denne hausten. 6 som er fødte i 2021, 11 som er fødte i 2020 og 3 som er fødte i 2019. Saman med denne herlege gjengen er det fem vaksne.

Noko av det som er særprepar denne alderen er at det er mykje følelsar i sving. Barna skal lære seg å handtere egne følelsar og så smått å begynne å tolke andre sine følelsar. Då er

det viktig at barna møter vaksne som er til stades og som støttar barna i å meistre motgang og å handtere utfordringar.

### DAGSRYTME

- Kl. (06.45 )7.00- Barnehagen opnar
- Kl.07.00-08.30: Frukost
- Kl.07.00-09.00: Frileik
- Kl.9.00: Ryddetid og samling
- Kl.9.30: Vi går ut/Aktivitetar
- Kl.11.00: Bleieskift/toalett
- Kl.11.15: Lunsj
- Kl.12.00: Dei som søv legg seg og dei andre går ut for å leike
- Kl.13.50: Bleieskift/toalettbesøk
- Kl.14.00: Ettermiddagsmåltid
- Kl.14.30 Leik, utetid og henting
- Kl.17.00: Barnehagen stenger

### Sjølvtendige barn:

På Ole Brum er vi opptatt av at barna skal få kjenne på at dei kan være sjølvtendige. Vi legg til rette for potte / do-trening (spør oss gjerne om råd), og at barna skal kjenne på meistringfølelse under måltid og påkledning. For å oppnå dette krevjast det vaksne som er til stades og som kan gje ei hjelpande hand når det trengs. Det øvast også på å dele, rydde og å hjelpe kvarandre. Vi ser allereie ein flokk med barn som så gjerne vil klare sjølv og som er snare å hjelpe kvarandre, og dei vaksne.



### Samlingsstunder:

Dei fleste dagane i veka er det samlingsstund på avdelinga, dette vert ca. kl.9.15. Dagtavla brukast aktivt. Vi vil også synge saman og fortelje korte fortellingar samt lese bøker. Det er herleg å sjå gleda og innlevinga barna har i både songar og fortellingar.

Bursdagar vert feira med ei eiga samling der bursdagsbarnet er i fokus. Krona kjem på hovudet og dagens mat er bestilt av jubilanten. Vi syng bursdagsssong, skyt opp «rakettar», fortel ei lita historie, mm.



## Gruppedeling:

Barna vert delt inn i mindre grupper når dette kan late seg gjere. Dette gjerast fordi det kan være lettare å bygge gode relasjonar i mindre grupper, og det gir meir ro i barnegruppa. Mindre grupper gir også leiken betre grobotn, og det gir barna ro til å fordjupe seg i det dei held på med. Det er viktig at dei vaksne er til stades i leiken, hjelper barna inn i leik med andre og utvidar leiken saman med barna.

## Turar i nærmiljøet:

Vi vil gå turar i nærmiljøet, både i skog, mark, og langs vegen. Nokre gongar går vi med heile gruppa og andre gongar i mindre grupper. Her leggast det vekt på at barna skal gå sjølv og at dei vaksne skal være til stades med ei hand å halde i, oppmuntring og trøyst når det trengst og tid til å undre seg over det vi møter på vår veg. Nokre av desse turane vil være til Biblioteket på lesestund. Det brukar å være ei fin oppleving der bøkene kjem på storskjerm på veggen, og vi kan ta med oss lunsjen vår. Dette er for dei som er 3 år eller eldre.



## Heffalomptoppen:

På Heffalomptoppen er det kjekt å være. Her kan vi være ute, eller bruke hyttene om vi har lyst til det. Her ligg det verkeleg til rette for å trene både grov og finmotorikk. Dette er ein plass der barna yndar å være og der leike med vatn, oppdagingsferd eller berre sitje på trappa å nyte utsikta er det beste. På Heffalomptoppen har vi ikkje dei vanlege leikene, her får barna bruke fantasien og råmateriale. Dette er ein annan type læringsmetode og stimuli for borna som er særskilt viktig.



## LEIK

Leiken er noko av det viktigaste i barnehagen. Leik og læring går hand i hand, og vi er opptatt av å legge til rette for god leik. Leiken har sin eigen verdi og den kan skape trivsel og fremme venskap. Rammeplanen for barnehagen, som er vår «rettesnor», seier mykje om leik og korleis legge til rette for den i barnehagen. Vi skal ivareta barnas behov for leik og la leiken få ein sentral plass i barnehagen. Leiken skal være ein arena for utvikling, læring og sosial og språkleg samhandling. Ved å organisere rom, tid og det som barna har til rådighet kan vi inspirere til ulike typar leik. Det er viktig å fremje eit miljø der alle barn kan delta i leiken og få erfare glede. Dei vaksne skal være der barna er, på golvet og hjelpe om det trengst. Når vi er til stades i barnas leik kan vi også delta i leiken og gjere den meir verdifull på barnas premissar. Ein kan tilføre leikemateriale, føre leiken vidare eller støtte om det oppstår ueinigheiter.

### Mål :

- Dei vaksne skal legge til rette for variert leik både ute og inne.
- Dei vaksne skal være til stades i barnas leik, slik at dei kan føre leiken vidare og støtte om det oppstår ueinigheiter.



## Språk og ASK

Barnehagen er opptekne av korleis språk påverkar alle sider ved barnet si utvikling. Det vert lagt vekt på viktigheita av god språkstimulering i løpet av barnehagekvardagen. Dette gjer vi ved å ha aktivitetar som fremjar kommunikasjon og språkutvikling. Dette kan være dei gode, opne, samtalene med ein vaksen eller andre barn, bøker og den viktige leiken. Vi i barnehagens skal også anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk.

På Ole Brum brukar vi ASK på dagtavla dei aller fleste dagar i samlingsstunda. Vi har symbol som viser gongen i dagen, kva dag det er i dag og kva vi skal ha på når vi skal ut for å leike. Vi har også temaplakatar med for eksempel songar frå Kardemomme by, og andre songar som vert brukt i det daglege på avdelinga.

### Mål:

- Dei vaksne skal være gode språklege rollemodellar, og legge til rette for aktivitetar der alle barna får bruke språket sitt
- Arbeide bevisst med lesing på avdelinga
- Dei vaksne på avdelinga skal gjere bruken av ASK til ein naturleg del av det daglege livet på avdelinga.
- Barna skal kjenne igjen symbol og teikn som vert brukt.



## TEMA Sosial kompetanse og Kardemomme by

I år vil sosial kompetanse og Kardemomme by være temaet i heile barnehagen. Sosial kompetanse er noko det arbeidast kontinuerleg med gjennom året. Vi vil oppmuntre borna til å vise empati og å vere gode med kvarandre, trøyste, dele og hjelpe kvarandre. Barna rosast ved gode gjerningar og dei vert oppmuntra til godheit og hjelpsomheit i konfliktsituasjonar, samt vere gode rollemodellar sjølve. Innhaldet i Kardemomme by passar rett inn i dette, og ved å legge til rette for leik ved å lage til eit spennande leikemiljø får barna leike ut sine opplevingar frå samlingane. Vi vil synge songane og lese historia, dramatisere og ha tingteater. Kardemomme by vert også tema når vi held med på formingsaktivitetar.

### Mål:

- Borna skal få rettleiing og oppmuntring til å sette ord på følelsar.
- Personalet skal legge til rette for glede og meistring i kvardagen.
- Personalet skal streve etter å være autoritative vaksne.





## Avdeling Tigergutt 4-6 år

På Tigergutt er vi ein kjekk gjeng med 24 barn. 18 er klubbarar og født i 2018, dei 6 andre er spirane og født i 2019.

Det ser ut som alle barna har funne sin plass i gruppa no. Det er mykje god leik, og rolleleiken er i full blomst. Å leike er noko av det barna er aller best på. Dei går inn og ut av nye roller, og dei får ut masse energi. Dei må også forhalde seg til menneska dei har rundt seg. Dei får då utvikle tette venskap og vi legg til rette for god sosial utvikling.

Vi kjem til å dele gruppa kvar dag. Delingane vil skje på føremiddag, og nokre gongar på ettermiddag. To av dagane i veka er barna delte i grupper kalla klubbarar og spirane. Vi kjem til å nytte avdelinga, kjøkkenet, ute og hytta på toppen for å fordele oss. Dei andre dagane har vi aldersblanda grupper som vi kallar Løvene og Papegøyane, Vi har gode erfaringar med slike delingar. Vi kjem nærmare kvarandre både store og små, leiken vert ofte god og nye relasjonar vert knytte på tvers av alder.

Vi gler oss til eit gøy og spennande år ilag!

### Dagsrytme:

(06 45) 07.00	Barnehagen opnar
07.00-08.30	Frukost
07.00-08.45	Frileik
08.45-11.15	Delte grupper/aktivitet/tur/samling
11.15	Lunsj
12.00-14.15	Uteleik
14.15	Hemmelighet/fruktmåltid
14.30-	Leik ute eller inne
17.00	Barnehagen stenger



### Vekerytme:


**Måndag:** Delte grupper Papegøye/Løve (tema, tur)

**Tysdag:** Klubbarane har skuleførebuande aktivitetar, lesegrupper  
Spirane (Tur, Heffalomptoppen, uteleik, osv)  
Lesegruppe

**Onsdag:** Delte grupper Løve/Papegøye (tema, tur)  
Førskulebading (to gongar pr.mnd)

**Torsdag:** Klubb og Spirane  
Klubbarane er ute (eigen plan)  
Spirane er inne og leikar

**Fredag:** Delte grupper Løve/Papegøye (tema, tur)



## TEMA: Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er også i år det overordna temaet vårt, og det er felles for heile barnehagen. Dette er noko vi jobbar med i kvardagen, og også gjennom temaarbeid og samlingar. Då er målet at alle skal føle seg sett i gruppa, at vi alle er ein del av eit fellesskap og at vi må respektere kvarandre på trass av skilnadar. Det er viktig at vi som vaksne er gode rollemodellar overfor barna og kvarandre. Gjennom gruppedeling er det enklare for barna å skape tettare band og knyte vennskap. I små grupper er det og meir rom for at dei vaksne kan observere og hjelpe barna i leik og konflikhtar. Vi jobbar for å førebygge mobbing og utestenging, og fremje vennskap og deltaking gjennom å legge til rette for den gode leiken. Vi ønskjer å vere ei støtte for barna og gi dei ei god sosial kompetanse som kan vere til nytte no og i framtida.


### Mål:

- Alle skal føle seg sett i gruppa
- At alle skal føle seg som ein del av fellesskapet
- At vi skal kunne respektere kvarandre og øve på å sette våre egne behov til side

### Metoder:

#### VÆRE SAMAN

- **SAMLINGAR:** Vi vil nytte plansjar med bilde og ulike tema. Desse plansjane gir eit godt utgangspunkt for gode samtalar med barna, og det gir rom for både refleksjon og filosofering.
- **SONG OG MUSIKK:** Synge, lytte og bruke musikken til bøkene. Songane gjenspeglar og forsterkar ofte temaet vi har lest om.
- **REGNBUELØVA:** Den skal få vere med oss på samlingane. Løva skal vere ei hjelp for den vaksne til å strukturere samtalan med barna. Løva har også ei løvelov som handlar om korleis vi skal vere mot kvarandre.



#### KARDEMOMMEBY

I år vil ha Kardemomme by som felles tema i barnehagen – og det gler vi oss masse til. (sjå meir i fellesdelen) Borna har allereie begynt å snakke om dei ulike karakterane i boka, og dei diskuterer med kvarandre kven dei skal vere når dei leikar. Vi kjem til å dramatisere, lese boka, sjå film, lære songane og elles prøve å ta med oss budskapen frå boka over i kvardagen til borna.

## Sjølvtendigheit

Vi vil jobbe vidare med å ha fokus på sjølvtendigheit i barnehagen. (dette står det meir om i fellesdelen i årsplanen). Vi på Tigergutt har valt å fortsette å jobbe med måltid og garderobesituasjon. Det er viktig å gi borna tid og rom, slik at dei kan få øve seg og oppleve meistring når dei greier nye ting. Vi som vaksne må støtte, oppmuntre og rettleie borna frå sidelinja.

### Mål:

- At alle skal få meistre nye ting sjølv, utifrå sine eigne forutsetningar..

## Årstider

I år vil vi også fokusere på årstidene og kva som skjer med naturen og omgivelsane gjennom alle dei fire årstidene. Vi vil at barna skal få sjå og oppleve kva som skjer i løpet av eit år. Vi vil fylje med og sjå korleis ting endrar seg. Kva skjer med trea og blomstrane gjennom årstidene? Kva insekt og krypdyr finn vi i skogen når våren kjem?

### Mål:

- At barna kan namnet på dagane og årstidene når året er slutt
- Lære barna kva som kjenneteiknar dei ulike årstidene




## Språk / lesing / ASK

Det er viktig å ha eit variert og godt språkmiljø som gir barna rikeleg med moglegheiter for aktiv bruk av språket. Gjennom språket har barn moglegheit til å påverke sine omgjevnader og vere ein del av eit fellesskap. Vi vil prøve å legge til rette for gode språklege arenaer gjennom språkleik både i stor og lita gruppe.

Vi delar borna inn i lesegrupper, og les bøker tilpassa dei ulike gruppene. Då ser vi på bilda i boka ilag, lese litt, undrar oss saman og pratar om det vi ser. Vi er opptatt av at barna skal bli sett og høyrte, at vi skal gi dei tid og rom til å delta i ein samtale, og at dei skal få bruke språket aktivt.

ASK nyttar vi t.d når vi samler oss til morgnemøte der vi går gjennom dagtavla, dagane, vær og årstider. Der heng og ulike plansjar på avdelinga både i forhold til tema, overgangar og sosial kompetanse. Målet er at dei vaksne skal øve seg på å nytte det i naturlege settingar der det er nokon som har behov for det.



# HEFFALOMPKLUBB

Heffalomplubb er eit førskuletilbod vi har for 5 åringane her i Sirlihaugen barnehage. Her ynskjer vi å førebu barna på skulegang gjennom lek og læring . Det er ein god arena å øve seg på å verte litt meir sjølvstendig, og lære å ta omsyn til andre rundt seg. Samtidig er dette eit tilbod barna ser fram til gjennom heile barnehagetida.

I år fell Heffalomplubb på dagane tirsdag og torsdag. Tirsdag brukar vi dagen på leikprega læring og er innom fagområde som *kommunikasjon, språk og tekst* samt *antal, rom og form*. Samtidig som vi ønskjer at læringa skal vere leikprega har vi og eit fokus på å lære å ta enkle beskjedar. Vi jobbar med ulike oppgåver for ei kort periode, og vi trenar på høgtlesing utan bilete. Aktivitetane tirsdag finn som regel stad inne på avdelinga. Torsdagane startar vi med eit morgonmøte, der vi går gjennom det som skal skje på klubbdagen. Vi vel også tre minisjefar. Dei får vere med på alt frå å gå fremst på tur og lage bål, til å passe på at reglar blir følgde. Vi held enten til på Heffalomptoppen eller går på tur. Målet vårt er at dagen og turane skal gi borna gode og spennande felles opplevingar. Vi ønskjer at dei skal oppleve glede ved å ferdast ute og opparbeide seg sosial kompetanse gjennom samarbeid med dei andre på gruppa. Vi jobbar også med å verte meir sjølvstendige utover året. Ofte lagar vi lunsj på bålet, då oppmodar vi alle til å smake på/ete ulik mat.

To onsdagar i månaden blir det bading for førskulegruppa. Det er Sunnmørsbadet som står for symjeopplæringa.

## RUSSEFEIRING

Rosarussefeiringa er som regel høgdepunktet i løpet av året for dei fleste klubbarane. Dette blir ei markering på at dei er størst i barnehagen. Kjekke aktivitetar høyrer med, som for eksempel : russeturar, kosekveld i barnehagen , russehue, russekort, russerop og russestrekar. Det er berre å gle seg.

Vi håpar at store og små skal få eit kjempekjekt år ilag ☺

### Dagsrytma vår på torsdag ser omtrent slik ut:

-9.15 *Morgenmøte*  
-9.30 *Vi kler på oss og går ut*  
-10.00 *På toppen eller på tur*  
-*Aktivitetar*  
-*Samling*  
-*Eksperiment*  
-14.00 *Hemmelegheit på Heffalomptoppen før vi går ned igjen.*

Nokre av aktivitetane vi skal i løpet av året:

- *Turar i fjøra, på fjellet og i skogen.*
- *Lære om naturen, miljøvern, årstider, været, og frukt.*
- *Vikingtida*
- *Eksperiment*
- *Verdensromet*
- *Russetid*

# **EN HAGE FOR BARN**

**En hage med latter og hverdagsmagi  
Et blomstrende landskap med gledeshyl i  
Et allrom av trygghet for store og små  
For de som krabber og de som kan gå  
For undrende blikk og nysgjerrige hender  
for øyeblikkssmil og lys mellom venner  
for støtte i alt man vil klare selv  
og trøst hvis man gråter likevel  
En verden hvor alle kan leke og lære  
Og bli til den de ønsker selv å være  
En skummel pirat eller brølende løve  
Muligheter for alt man vil prøve  
En hage for alle som leker og ler  
For alle som skaper og alle som ser  
en lekende lysning i alt som er grått  
Glede og iver for stort og for smått  
For kunnskap i hodet og ren mat i kroppen  
For tøysete sanger med latter på toppen  
Et rolig fang og en omsorgsfull hånd  
Voksne og barn knytter tette bånd  
I denne hagen er alle tilstede  
I lek og læring i trygghet og glede**

**Kristine Skau**